

Framlegg til planprogram for Kommunedelplan for naturmangfald i Luster 2022-2034

Datert 13.04.2021

Arkiv nr. 21/74

1. Innleiing

Miljødirektoratet gjennomførte i 2016-2018 eit pilotprosjekt der 10 kommunar utarbeidde kommunedelplan for naturmangfald for sin kommune. Bakgrunnen for pilotprosjektet var Stortingsmeldinga St. 2014 «*Natur for livet*», som er ein handlingsplan for naturmangfald. Stortingsmeldinga peikar på viktigheita med naturmangfaldet i kommunane, og omtalar problemstillingar kring dei utfordringane naturmangfaldet står ovanfor, og kva prioriteringar og verkemiddel som bør iverksetjast for å ta vare på det.

Handlingsplanen omtalar naturen som sjølve livsgrunnlaget vårt, og at generasjonsperspektiv må leggjast til grunn ved forvaltninga av norsk natur. Målet er å sikra framtidige generasjonar si moglegheit til å skapa verdiar basert på velfungerande økosystem. Den slår fast at me må bidra til at dagens bruk av naturen er berekraftig, hindra at artar vert utrydda og naturtypar forsvinn, og vidareføra arbeidet med å ta vare på eit representativt utval av norsk natur.

Pilotprosjektet vart vidareført og Miljødirektoratet oppmoda kommunane våren 2020 til å søkja tilskot til å utarbeida ein eigen kommunedelplan for naturmangfald. Luster kommune søkte utan å få løyving første året, men søkte på nytt våren 2021 og fekk då tilskot.

Planen skal utarbeidast som ein kommunedelplan. Dette sikrar eit utvida grunnlag for medverknad og ein større grad av forankring politisk og administrativt. Den vil saman med andre kommuneplanar verta eit overordna styringsverktøy i kommunen. Planprogrammet er meint for å styrka medverknaden i ein tidleg fase av planarbeidet, og bidra til ein målretta og oversiktleig planprosess. Me håpar planarbeidet vil skapa engasjement, og at det kan bidra til å styrka interessa for naturmangfald i Luster kommune.

Kommunedelplanen skal vera dynamisk då status for naturmangfaldet i kommunen vil endra seg over tid. Målet er at kommuneplanen skal verta oppdatert etterkvart som nye områder vert kartlagt, eller status for kartlagde områder endrar seg.

2. Planprosess og organisering

Rådmannen har sett ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe for å utarbeide ein kommunedelplan for biologisk mangfald. Planen skal handsamast i samsvar med plan- og bygningslova § 11-1 og 11-2. Planen er ein 8-årig plan 2022-2030 med ein handlingsdel. Planen si styringsgruppe

er plan- og forvaltningsutvalet. Det skal undervegs i arbeidet vurderast om planen bør ha ei referansegruppe.

Luster kommune vurderer kommunedelplan for naturmangfald til å vera ein plan der KU ikkje er aktuelt etter forskrift.

3. Mål med planen

Luster kommune skal ta vare på naturmangfaldet i kommunen gjennom bærekraftig bruk og vern. Naturen og naturmangfaldet er livsgrunnlaget vårt og gir også grunnlag for betre helse og trivsel. Naturverdiane og naturmangfaldet må i størst mogleg grad takast var på til glede og nytte for innbyggjarane i kommunen i dag og for framtidige generasjonar. Tapte natur og naturmangfald kan vanskeleg erstattast.

4. Strategiar for å nå målet

1. Samle kunnskap om og styrke bevaring av naturmangfaldet i kommunen sin planlegging og arealbruk

- a. Bevaring av naturmangfald skal vektleggast ved rullering av arealdelen i kommuneplanen. Eksisterande kunnskap må samlast og aktuelle område må vurderast og rangerast ut frå kriterier definert i denne planen. Viktige område i/for Luster kommune med stort naturmangfald skal leggast inn som omsynsoner i kommunen sitt arealplankart.
- b. Ved utarbeiding av nye reguleringsplanar og handsaming av byggesaker utanfor regulert område, skal ein ta omsyn til desse viktige naturområda slik at dei ikkje vert øydelagde for framtida.
- c. Det må utarbeidast rutinar for å fange opp nye områder som kan vera aktuelle å ta vare på. Etter vurdering skal verdifulle områder innarbeidast i arealdelen og ved behov må nye områder regulerast eller tidlegare reguleringsplanar reviderast.

2. Forvaltning, drift og skjøtsel skal ta omsyn til naturmangfaldet

- a. Område som er verna etter PBL skal skjøttast i tråd med føresegner og skjøtselssplanar.
- b. Ved drift og forvaltning av kommunale eigedommar skal ein ta vare på og styrke naturmangfaldet.
- c. Innsatsen for å utrydde framande artar skal styrkast.
- d. Luster kommune skal arbeide for å styrke samarbeidet med fagetatar, grunneigarar, lag og organisasjonar og frivillige.

3. Luster kommune skal bidra til å formidle informasjon som vil gi større kunnskap og interesse for å ta vare på naturmangfaldet

- a. Det skal finnast lett tilgjengeleg informasjon om naturmangfald og viktige naturområde på kommunen si heimeside og i kommunen sine kartløyningar.
- b. Oppvekstsentera i kommunen har ei viktig rolle når det gjeld kunnskap og haldningar om naturmangfaldet og må få naudsynt hjelp for å best råd kunne nytta naturen til læring.
- c. Innbyggjarane i kommunen bør oppfordrast til å sjå på naturmangfaldet som ein viktig ressurs for framtida og det bør gjevast informasjon og opplæring i bl.a. korleis registrere arter i artsdatabanken.

5. Korleis følgje opp strategiane

1. Samle eksisterande kunnskap og informasjon

- a. Melde oppstart av planarbeidet med 6 vekers innspelsfrist.
- b. Naturbase og artsdatabanken er to viktige kjelder for eksisterande informasjon i tillegg til innhenting av lokalkunnskap og rapportar om naturmangfald som er utarbeida tidlegare.
- c. Planen skal konsentrere seg om område som ligg utanfor eksisterande nasjonalparker og verneområde. Det er viktig å fokusere på område som er spesielle for oss slik som naturtypar me har lite av, som er lokalt viktig og som ligg for eksempel nær skule eller bustadfelt, område som er trua av ulike grunnar og område som har «viktige raudlistearter».

2. Stell/skjøtsel og framande arter

- a. Stell/skjøtsel gjeld først og fremst kommunal eigedom. Mykje kommunal eigedom vert skjøtta av frivillige. For å få haldningsendringar som fremmar større naturmangfald må dei som skjøttar kommunal eigedom, tilsett eller frivilleg, få eigarkjensle til planen. Høve til å bidra i planarbeidet og auka kunnskap om naturmangfald er viktig.
- b. Informere om og oppfordre innbyggjarane til registrering av framande arter med potensiell stor risiko i artsdatabanken. Informere om at ein ikkje må levere desse artane på mottak for hageavfall men informere korleis ein kan ta livet av desse plantane lokalt. Vurdere ein eigen stad der slike arter kan leverast.

3. Formidle informasjon som vil gi større kunnskap og interesse for å ta vare på naturmangfaldet

- a. Det er viktig at innbyggjarane ser eigennytte i bevaring av naturmangfald. Informasjon er stikkordet for dette.
- b. Dele informasjon om naturmangfald og korleis bevare det lokalt til innbyggjarane, bygdelag og grunneigarlag gjennom artiklar i Lustranytt, på heimesida og på kommunen si facebookside.

- c. Informere om artsdatabanken og gi opplæring i korleis bruke artsorakelet og oppfordre til registrering av egne funn i artsdatabanken.

6. Framdriftsplan for planarbeidet

- Mars 2021 Opprette arbeidsgruppe.
Utarbeide planprogram og melde oppstart av planarbeidet.
Kontakte aktuelle fagetatar, lag og organisasjonar.
Starte å informere om artsdatabanken, naturmangfald og artsorakelet på FB-sida og på kommunen si heimeside.
- April 2021 Frist for å sende inn innspel til planen.
Skrive artikkel om planarbeidet og naturmangfald til sommarnummeret av Lustranytt.
- Mai 2021 Samordne alle innspel til planprogrammet.
Samordne alle innspel til planen.
Starte arbeidet med å utarbeide planen.
- Juni 2021 Vedta planprogram i PFV møtet 20. mai.
Søke om utbetaling av tilskot etter at planprogrammet er politisk vedteke.
Siste frist for søknad om utbetaling av tilskot er 01.11.2021.
- Sept 2021 Spørsmålsrunde eller folkemøte.
- Feb 2022 1. gongs handsaming av planframlegg i PFV.
Vedtak om offentlig utlegging.
6. vekers frist for innsending av merknader.
Spørsmålsrunde eller folkemøte.
- Mai 2022 2. gongs handsaming av planen i PFV.
Vedtak av planen i kommunestyret

7. Eksterne lenkjer

[Stortingsmelding 14 \(2015-2016\) – natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold](#)

[Miljødirektoratet sin vegleiar for utarbeiding av kommunedelplan for naturmangfold](#)

[Lov om naturmangfold](#)